

No er nok nok

Arbeidet med «Utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal», som tek føre seg det totale sjukehusstilbudet til innbyggjarane i Møre og Romsdal, skal etter planen vere avslutta i juni. Etter at styret i helseføretaket har gjort ferdig sin del av jobben skal deira konklusjon ut på høyring. To legar, hovudtillitsvald og føretakstillitsvald for overlegane etter lyser i eit brev til sitt eige føretaksstyre ei avklaring på ein heilt grunnleggande føresetnad, nemleg storleiken på opptaksområdet for Volda sjukehus, der eventuelle endringar i føretaksgrensene vil vere sentrale premisser.

I BREVET SKRIV DEI TO OVERLEGANE at eit vedtak om framtidig sjukehusstruktur vil få store konsekvensar på kort, mellomlang og lang sikt, og at eit vedtak difor ikkje kan vere basert på føresetnader frå i går. Overlegane peikar vidare på at eventuelle endringar i høve funksjons- og oppgåvefordeling sjukehusa i mellom må vere forankra i langsiktige strategiar. Vi-

« Det er ikkje einstyddande med at meir enn 20.000 andre nordfjordingar får kortare veg

dare i det nemnde brevet blir det sagt; «Etter opninga av Kvivsvegen har befolkninga i fleire av Volda sine sørlege

nabokommunar fått betydeleg kortare resisetid til Volda sjukehus, samanlikna med reisetid til tilsvarende tilbod i Førde.» I brevet til føretaksstyret viser overlagen vidare til at det over tid har vore ein jamn auke i talet på pasientar frå Nordfjord som nyttar Volda sjukehus som sitt primærsjukehus, både når det gjeld elektiv utgreiing og etter kvart også akutt behandling. – Mykje tydar på ein ytterlegare auke i åra som kjem, og ikkje minst etter endeleg opning av Hjartåberg tunnelen, skriv overlegane.

VI SKAL IKKJE HER TA TAK I det openberre stridstema når det gjeld forholdet mellom Nordfjord og Volda sjukehus, og kven som skal gjere kva. Eller kven som har moglegheit til å yte best hesleteneste. Vi vil i staden konsentrere oss om den etter kvart opplagt mistydinga om at Kvivsvegen gjer vegen til Volda så mykje kortare. Sjølv om redaktøren i Fjordingen nyttar eit kvart høve til å presentere den heilt opplagt bevisste mistydinga om at etter at Kvivsvegen opna, så som han skriv på leiarplass måndag 3. mars; Ny veg har gjort avstanden betydeleg kortare mellom Volda og store delar av Nordfjord samt indre Sunnmøre. Sjølv sagt har redaktøren i Fjordingen rett dersom han meiner at store delar av Nordfjord er delar av Stryn og Hornindal. Ein kvar idiot forstår at dette ikkje er rett.

NOK EIN GONG REGISTRER VI at ein prøver å leve etter det velkjende ordtaket at; dersom ein presentere ein feil mange nok gonger, så blir den til slutt ei sanning. Om 1.200 innbyggjarar i Hornindal slepp å køyre via Nordfjordeid og over Stigedalen for å kome til Volda, og av den grunn for kortare veg, så er det ikkje einstyddande med at meir enn 20.000 andre nordfjordingar får kortare veg.



ansvarleg redaktør

TORMOD FLATEBØ

Direkte telefon: 57 88 53 18 • 951 74 910
redaksjon@fjordablaget.no

Tre bruforslag i ytre

– Ei bru til 2,4 milliardar kan knyte Måløy tettare saman med Florø. Styret i Kystvegen Måløy-Florø har no fått utarbeidd tre forslag til korleis brua kan byggjast, melder Sunnmørsposten.

– Å få bygd bru over ytre Nordfjord vil utan tvil vere det viktigaste bruprojektet nokon gong i Sogn og Fjordane, seier Flora-ordførar og styreleiar i Kystvegen Ålesund-Bergen, Bengt Solheim-Olsen i ei pressemelding.

Synast synd på borna

Ervikarane er skuffa over at det er deira born som må svi for Selje kommune sin trøblete økonomi. Reaksjonane let ikkje vente på seg etter at kommunestyret i Selje torsdag vedtok å legge ned skulen i Ervik. – Det er synd at det er skulebarna som i denne omgang må svi for den elendige kommuneøkonomien i Selje, seier Jon Frogner til Fjordens Tidende. Ervikarane må frå hausten av sende borna sine på skule til Leikanger.



Prosjektleiar Lars Helge Kveen og bas Vidar Edelston kan vise til god framdrift i arbeidet med den nye gang- og sykkelvegen langs E39/Rv15 gjennom Eidsdalen.

Gangveg med god framdrift

Hovudentreprenør Lars Kveen AS har mange maskiner og stort mannskap i sving med den nye gang- og sykkelvegen frå Klokkargarden til Hjelle på E39/Rv15. Det har vore særst godt arbeidsvêr i vinter og eit titals gravemaskiner, 6-7 lastebilar og 12-13 mann har jobba på.

– Vi har hatt ein fin vinter og ligg godt an, seier ein godt fornøgd prosjektleiar Lars Helge Kveen. Arbeidet har gått greitt utan store utfordringar, men Kveen vil likevel ikkje love ferdigstilling før i midten av november som planlagt.

Prosjektet går ut på å bygge 2,6 kilometer med gang- og sykkelveg frå Klokkargarden til Hjelle og å legge 3,8 kilometer med vatn og avlaupsrør og tilhøyrande kummar frå Klokkargarden til Ungdomshuset ved Mogrenda. I tillegg blir det lagt ei rekkje trekkerør for diverse kablar til lys, tele og fiber.

Langs gang- og sykkelvegen

skal det monterast opp kring 100 gatelys, og det skal lagast 1.600 kvadratmeter med gråsteinsmur.

Ny Bakke bru

Kåre Bø Betong er innleigd for å støype ny Bakke bru som er dimensjonert for å stette dagens krav. Elva er mellombels lagt i

rør medan arbeidet pågår. Gangvegbrua er allereie klar, og fungerer som køyreveg for biltrafikken no medan arbeidet med køyrebrua går føre seg. Brua på E39/Rv15 skal henge saman med gangvegbrua, og til saman er det 20,5 meter frå ytterkant til ytterkant.



– Her har det allereie kome bru i midtre, skjemat bas Vidar Edelston og viser til arbeidet som Kåre Bø held på med for å støype ny Bakke bru. Tilhøyrande gangvegbrua er allereie på plass.